

Årsrekneskap for
Bondeungdomslaget i Oslo
konsern

2019

Innhald:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap
- Balanse
- Kontantstraum
- Notar til rekneskapen



Årsmelding for 2019

Bondeungdomslaget i Oslo

Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) er ein kultur- og idrettsorganisasjon, og det største ungdomlaget i landet. BUL er eit mållag og ein frilyndt og ideell medlemsorganisasjon som gjev barn, ungdom og vaksne aktivitetstilbod innan song, dans, teater og idrett. BUL at einskildmenneske skal møtast for fellesskap og samarbeid i eit ope inkluderande samfunn. Lagskontoret til BUL held til i Rosenkrantz' gate 8 i Oslo. Der ligg også Teatersalen der dei fleste lagsaktivitetane går føre seg. BUL vart skipa i 1899.

BUL er morselskapet for Bøndernes Hus AS (BHAS) som er egedoms- og morselskapet for forretningsdrifta til BUL. BHAS er heileigd av BUL. BHAS eig bygarden Rosenkrantz' gate 8 og eit husvære i Oslo (seld januar 2019). BHAS eig og driv driftsselskapa LL Lagsbruka til BUL i Oslo (hotell og serveringsverksemd i Oslo) og Heimen Husfliden AS (produksjon og sal av bunader og sal av husflidsprodukt). Heimen Husfliden AS eig Heimen LL Husflitsutsal (100 %), Den Norske Husfliden (90,9 %) og Solhjell AS (100 % frå august 2019).

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfester styret at føresetnadene for vidare drift er til stades.

Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2019. Talet på fast tilsette i BUL er sju, og arbeidsmiljøet er rekna som godt. Sjukefråværet er svært lågt.

Selskapet har ingen produksjon eller aktivitet som medfører forureining av det ytre miljøet.

Det har ikkje vore vesentlege endringar sidan balansedagen som påverkar rekneskapa, og styret kjenner ikkje til at det er knytt vesentleg uvisse til rekneskapa.

Årets resultat i BUL vart eit overskot på kr 3 087 392 som styret tilrår ført mot eigenkapitalen. Eigenkapitalen var ved årsskiftet kr 86 201 099 etter føring av årets resultat. For konsernet vart det eit overskot på kr 11 086 315 Eigenkapital for konsernet var ved årsskiftet kr 84 877 321.

Bankbeholdninga i morselskapet var pr. 31.12.19 kr 9 140 150 og i konsernet kr 29 751 607. Likviditeten har vore god gjennom året.

Styret reknar selskapet og laget sine framtidsutsikter som gode, fordi verksemda har lange tradisjonar og opparbeidd ein god posisjon i marknaden, og fordi det over tid er brukt mykje pengar på å fornye og ruste opp egedommane, inventar, produkta og marknadsføringa.

Som følge av koronasituasjonen frå mars 2020 har selskapet delvis halde stengt og permittere tilsette både i BUL og i forretningsverksemda. Ein mindre del av dei faste kostnadane blir dekt gjennom statlege kompensasjonsordningar. Selskapet held streng kostnads- og likviditetskontroll, og reknar med å kome gjennom den vanskelege situasjonen på ein tilfredsstillande måte.

Verksemda hadde i meldingsåret eit styre samansett av fire kvinner og fire menn, inkl. varamedlemer. Det har vore 11 styremøte i løpet av meldingsåret.

Oslo, 3. juni 2020

Terje Svindseth
leiar

Julie Farseth Berg
nestleiar

Gunnvald Grønvik
styremedlem

Olav-Johan Øye
styremedlem

Heidrun Sølna Øverby
styremedlem

Øystein Bagle-Tennebø
dagleg leiar

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
EIGEDELAR 31.12

Morselskap - BUL i Oslo

Konsern

2019	2018	Note	2019	2018
ANLEGGSMIDDEL				
Immaterielle egedelar				
-	-		1 136 119	2 026 240
-	-		1 136 119	2 026 240
Varige driftsmidler				
6 219 567	6 831 577	3	109 229 597	113 266 021
10 095	-	3	21 932 011	13 266 263
6 229 662	6 831 577	10	131 161 608	126 532 284
Finansielle anleggsmiddel				
27 500 000	27 500 000	4	-	-
45 252 052	43 773 172	5	-	-
27 353	26 353	4	57 356	56 356
-			98 085	98 926
329 262	339 744	8	5 285 134	5 411 639
73 108 667	71 639 269		5 440 575	5 566 921
79 338 329	78 470 846		137 738 302	134 125 445
OMLØPSMIDDEL				
-	-	1,10	31 541 743	29 271 366
Fordringar				
113 415	128 670	10	2 079 267	3 248 601
78 219	25 798		4 924 886	2 170 779
191 634	154 468		7 004 153	5 419 380
9 140 150	6 527 981	6	29 751 607	27 970 189
9 331 784	6 682 449		68 297 503	62 660 935
88 670 113	85 153 294		206 035 805	196 786 380

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
EIGENKAPITAL OG GJELD 31.12

Morselskap - BUL i Oslo

Konsern

2019	2018	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL				
Opptent egenkapital				
86 201 099	83 113 708		84 762 556	74 172 261
-	-			
86 201 099	83 113 708		84 762 556	74 172 261
Minoritetsinteresser				
			114 765	3 013 846
86 201 099	83 113 708	7,14	84 877 321	77 186 107
GJELD				
Avsetjinger for plikter				
		9	11 514 778	10 027 842
-	-		11 514 778	10 027 842
Anna langsiktig gjeld				
		10,16	80 282 788	84 966 124
-	-		-	-
-	-		80 282 788	84 966 124
Kortsiktig gjeld				
511 806	75 394		10 490 482	6 550 512
-	-	9	1 883 733	2 062 345
270 681	372 773		6 234 333	7 246 622
1 686 527	1 591 419		10 752 370	8 746 828
2 469 014	2 039 586		29 360 918	24 606 307
2 469 014	2 039 586		121 158 484	119 600 273
88 670 113	85 153 294		206 035 805	196 786 380

Oslo, den 3. juni 2020

Terje Svindseth
leiar

Julie Farseth Berg
nestleiar

Gunnvald Grønvik
styremedlem

Heidun Sølva Øverby
styremedlem

Olav-Johan Øye
styremedlem

Øystein Bagle-Tennebø
dagleg leiar

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Morselskap - BUL i Oslo

Konsern

2018	2018		2018	2018
		Kontantstraumar frå drifta		
3 087 392	-332 923	Resultat før skatt	14 456 985	7 612 369
-	-	Betalte skattar i perioden	-2 062 345	-1 316 608
-	-	Vinst ved sal av egedelar	-11 068 608	-2 497 185
601 915	601 915	Ordinær avskrivning	12 446 303	10 242 823
10 482	8 128	Endring i pensjonar	126 505	-165 808
-	-	Endring i varelager	-2 270 377	-2 076 149
15 255	35 533	Endring i kundefordringar	1 169 334	512 470
436 412	-169 859	Endring i leverandørgjeld	3 939 970	774 091
-61 407	251 176	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-2 019 307	-5 324 055
4 090 049	393 970	Netto kontantstraum frå drifta	14 718 460	7 761 948
		Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
-	-	Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	13 125 000	6 221 849
-	-	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-17 151 000	-11 698 136
-	-	Kjøp dotterselskap	-3 739 707	
-	-	Utbetaling ved kjøp immaterielle egedelar	-489 000	-286 703
1 000	-	Endring i andre investeringar	1 000	4 695
1 000	-	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-8 253 707	-5 758 295
		Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
-1 478 880	-23 589	Ut- og innbetalingar gjeld konsernselskap		
-	-	Utbetalingar ved nedbetaling av anna gjeld	-4 683 336	-4 683 336
-1 478 880	-23 589	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-4 683 336	-4 683 336
2 612 169	370 381	Netto kontantstraum for perioden	1 781 417	-2 679 683
6 527 981	6 157 600	Behaldning av likvide middel 01.01	27 970 189	30 812 151
-	-	Behaldning av likvide midlar kjøpte selskap	-	-162 280
9 140 150	6 527 981	Behaldning av likvide middel 31.12	29 751 607	27 970 188
		Denne består av:		
9 140 150	6 527 981	Bankinnskot m.v.	29 751 607	27 970 189
		Ikkje nytta trekkrettar underkonsernkonto	11 000 000	2 000 000

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Morselskap - BUL i Oslo

Konsern

2019	2018		2019	2018
		Kontantstraumar frå drifta		
3 087 392	-332 923	Resultat før skatt	14 456 985	7 612 369
-	-	Betalte skattar i perioden	-2 062 345	-1 316 608
-	-	Vinst ved sal av egedelar	-11 068 608	-2 497 185
601 915	601 915	Ordinær avskrivning	12 446 303	10 242 823
10 482	8 128	Endring i pensjonar	126 505	-165 808
-	-	Endring i varelager	-2 270 377	-2 076 149
15 255	35 533	Endring i kundefordringar	1 169 334	512 470
436 412	-169 859	Endring i leverandørgjeld	3 939 970	774 091
-61 407	251 176	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-2 019 307	-5 324 055
4 090 049	393 970	Netto kontantstraum frå drifta	14 718 460	7 761 948
		Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
-	-	Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	13 125 000	6 221 849
-	-	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-17 151 000	-11 698 136
-	-	Kjøp dotterselskap	-3 739 707	
-	-	Utbetaling ved kjøp immaterielle egedelar	-489 000	-286 703
1 000	-	Endring i andre investeringar	1 000	4 695
1 000	-	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-8 253 707	-5 758 295
		Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
-1 478 880	-23 589	Ut- og innbetalingar gjeld konsernselskap		
-	-	Utbetalingar ved nedbetaling av anna gjeld	-4 683 336	-4 683 336
-1 478 880	-23 589	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-4 683 336	-4 683 336
2 612 169	370 381	Netto kontantstraum for perioden	1 781 417	-2 679 683
6 527 981	6 157 600	Behaldning av likvide middel 01.01	27 970 189	30 812 151
-	-	Behaldning av likvide midlar kjøpte selskap	-	-162 280
9 140 150	6 527 981	Behaldning av likvide middel 31.12	29 751 607	27 970 188
		Denne består av:		
9 140 150	6 527 981	Bankinnskot m.v.	29 751 607	27 970 189
		Ikkje nytta trekkrettar underkonsernkonto	11 000 000	2 000 000

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Konsolidering

Konsernrekneskapen omfattar morselskapet Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) og selskap som BUL har bestemmande innverknad på. Minoritetsinteresser inngår i egenkapitalen i konsernet. Transaksjonar og mellomvere mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er i hovudsak utarbeidd etter einsarta prinsipp. Då BUL si verksemd i hovudsak er ideell og dotterselskapa driv skattepliktig forretningsverksemd, kan det i nokre tilfelle vere brukt ulike rekneskapsprinsipp.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsført etter kvart som dei blir leverte. Tilskot blir inntektsførte etter kvart som dei er tent opp.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Eigedelar som er knytte til varekrinsløpet er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar blir klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidler

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært over forventa levetid, dersom driftsmidla er vurderte å ha ei levetid på over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidla blir kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmidlet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring blir rekna i høve til driftsmidlet sin stand ved kjøp.

Dotterselskap

Dotterselskap blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til kostpris for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt.

Varelager

Varelager er verdsett til det lågaste av kostpris etter FIFO-prinsippet og verkelig verdi. Det blir føretatt nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjinga til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det gjort ei uspesifisert avsetjing for andre kundefordringar for å dekke vurdert tap.

Pensjonsplikter

Pensjonsmiddel i sikra pensjonsordning og pensjonsplikter i AFP-ordninga (i dotterselskapa) er bokført brutto. Pensjonskostnader og pensjonsplikter blir rekna etter lineær opptening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkasting på pensjonsmidlar, i tillegg til aktuarmessige føresetnader om dødelegheit, frivillig avgang osv. Endringar i pliktene som kjem av endringar i pensjonsplanar blir fordelt over venta attverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonspliktene og pensjonsmidlar (korridor).

Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikra (kollektive) pensjonsordningar.

Skatt

Skattekostnad i resultatrekneskapen omfattar endring i utsett skattefordel/utsett skatt i balansen. Utsett skattefordel er rekna med 22% av dei mellombels skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar og skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Endring i rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vore endring i rekneskapsprinipp.

Note 1 Varer

(Tal i heile tusen kroner)

	Konsern	
	2019	2018
Innkjøpte varer for eigen tilverking	6 862	5 853
Varer under tilverking	6 608	6 905
Ferdige eigentilverka varer	5 335	5 728
Innkjøpte ferdigvarer	13 265	11 270
Nedskrivning for ukurans	-529	-485
Sum	31 542	29 271

Note 2 Lønnskostnader, tal på tilsette, godtgjersle, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

(Tal i heile tusen kroner)

Lønnskostnader	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Lønningar	3 503	3 650	40 066	39 117
Arbeidsgjevaravgift	556	579	7 407	7 230
Pensjonskostnader	126	791	2 710	3 256
Honorar	460	170	460	170
Anna godtgjersle	58	103	4 386	3 839
Sum	4 702	5 293	55 029	53 612

Tal på årsverk: 5 5 121 123

Ytingar til leiande personar

Dagleg leiar

Styret

Løn	640	366
Pensjonskostnader	39	
Anna godtgjersle	5	

Dagleg leiar har inga avtale om løn etter oppseiing av stillinga.

Honorar revisor

	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Lovpålagt revisjon	173	178	680	679
Attestasjonsoppdrag, konsernrevisor	0	29	7	
Andre tenester, konsernrevisor	56	0	168	158

Alle beløp er eksklusiv meirverdiavgift. Ordinær revisjon omfattar teknisk bistand med årsrekneskap/konsernrekneskap.

Note 3 Varige driftsmidler

(Tal i heile tusen kroner)

BUL i Oslo

	Påkost leigde lok.	Husvære	Driftslaus- øyre m.m.	Sum
Opphavleg verdi 01.01.	9 992	35	10	10 037
Investeringar i år	0	0	0	0
Avgang i år	0	0	0	0
Opphavleg verdi 31.12	9 992	35	10	10 037
Oppsamla ord. avskrivningar 31.12.	3 808	0	0	3 808
Bokført verdi 31.12	6 184	35	10	6 230
Ordinære avskrivningar i år	602	0	0	602
Økonomisk levetid	25 år			
Avskrivningsplan	lineær			

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO - KONSERN
 NOTAR TIL REKNESKAPEN 2019

Konsern	Goodwill	Bygninger	Tomt Husvære/ kunst	Driftslaus- øyre m.m.	Sum
Opphavleg verdi 01.01	5 830	202 410	2 041	37 349	247 630
Oppskrivning	0	0	0	0	0
Investeringar i år	983	4 856	38	12 257	18 134
Avgang i år	0	0	-1 892	0	-1 892
Opphavleg verdi 31.12	6 813	207 266	187	49 606	263 872
Oppsamla avskrivn.på oppskrivning 01.01	3 804	88 028	0	24 091	115 923
Oppsamla avskrivn.på oppskrivning 31.12	5 677	98 224	0	27 674	131 575
Bokført verdi 31.12	1 136	109 042	187	21 932	132 298
Ord. avskrivningar i år	1 873	6 990	0	3 583	12 446
Avskrivning på oppskrivning i år	0	0	0	0	0
Sum avskrivningar	1 873	6 990	0	3 583	12 446
Økomisk levetid	5 år	25-50 år		3-7 år	
Avskrivningsplan	lineær	lineær		lineær	

Endring siste seks år for konsernet

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bokført verdi 01.01	102 050	117 627	120 730	127 032	135 241	128 536
Investering	20 424	11 546	14 187	18 953	11 984	18 134
Oppskrivning	0	0	0	0	0	0
Avskrivning	5 500	7 723	7 936	9 158	10 243	12 446
Avgang	0	721	0	1 586	8 446	1 892
Bokført verdi 31.12	116 975	120 730	126 982	135 240	128 536	132 298

Note 4 Investeringar i dotterselskap og andre selskap

(Tal i heile tusen kroner)

	Erverv	Kontor	Eigardel	Stemmedel
Bøndenenes Hus AS	1988	Oslo	100 %	100 %
<i>Selskap eigd av Bøndenenes Hus AS:</i>				
L/L Lagsbruka til BUL Oslo		Oslo	100 %	100 %
Heimen Husfliden AS		Oslo	100 %	100 %

Investering etter kostmetoden (Selskapsrekneskapen)

Namn på selskapet	Aksje- kapital	Talet på aksjar	Bokført verdi	Eigen- kapital	Resultat
Bøndenenes Hus AS	12 600	126	27 500	38 556	14 074

Andre investeringar

	Eigde aksj.	Bokført verdi
LL Det norske Teatret	1 353	1
Den mangfaldige Scenen AS	333	20
Dag og Tid AS	250	6
Frivillighetens Lotteriforvaltning	3	0

Note 5 Fordringar og gjeld på selskap i samme konsern

(Tal i heile tusen kroner)

Fordringar	BUL i Oslo	
	2019	2018
Lån (ansvarleg) til Bøndenenes Hus AS	18 930	18 930
Lån til Bøndenenes Hus AS (inkl. utbyte 2019)	26 322	24 843
Sum	45 252	43 773

Ansvarleg lånekapital til Bøndenenes Hus AS er langsiktig innskott som er avdragsfritt.
 Det er inga avtale som regulerer avdrag på øvrig lån til Bøndenenes Hus AS. Heile gjelda er renteberande.

Note 6 Bankinnskott

(Tal i heile tusen kroner)

	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Bundne skattetrekksmidlar utgjær:	188	251	2 474	2 270

Note 7 Eigenkapital

(Tal i heile tusen kroner)

	BUL i Oslo		Konsern	
	Anna EK	Anna EK	Anna EK	Anna EK
	2019	2018	2019	2018
Eigenkapital 01.01	83 114	83 447	77 186	70 205
Årets resultat	3 087	-333	11 086	7 401
Andre endringar/omrekningsdifferansar	-	-	-3 395	-420
Eigenkapital 31.12	86 201	83 114	84 877	77 186

Minoriteten sin andel av eigenkapitalen i konsernselskap (Den norske Husfliden AS og Solhjell AS):

Minoriteten sin andel 01.01	3 014
Justering	-
Omrekningsdifferansar minoritetar	-25
Kjøp minoritet	-3 217
Resultatandel minoritet	343
Minoriteten sin andel 31.12	115

Note 8 Pensjonskostnader

(Tal i heile tusen kroner)

BUL i Oslo

BUL er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. BUL si pensjonsordning tilfredsstiller krava i denne loven. Den ytelsesbaserte pensjonsordninga som er lukka omfattar 2 tilsette. Dei andre tilsette omfattast av ei innskuddbasert pensjonsordning.

Øvrige selskap

Pensjonspliktene for alle tilsette i dei skattepliktige forretningsverksemdene er dekt ved ei kollektiv pensjonsforsikring som omfattar 17 tilsette. I tillegg har konsernet inngått avtale om avtalefesta pensjon (AFP-ordninga) for alle tilsette i dotterselskapa Heimen L/L Husflitsutsal, L/L Lagsbruka til Bondeungdomslaget i Oslo og Den Norske Husfliden AS

Netto pensjonskostnader	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
	Sikra	Sikra	Sikra	Sikra
Noverdi av årets pensjonsopptening	117	166	710	852
Rentekostnad av pensjonspliktene	32	48	514	475
Avkasting på pensjonsmidlar	-50	-65	-801	-727
Resultatførte planavvik/estimatendr.	28	48	614	680
Administrasjonskostnader	46	43	335	352
Arbeidsgjevaravgift	21	27	107	134
Netto pensjonskostnad	195	267	1 479	1 765

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO - KONSERN
NOTAR TIL REKNESKAPEN 2019

Netto pensjonsplikter	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
	Sikra	Sikra	Sikra	Sikra
Beregna pensjonsplikter pr 31.12	-1 340	-1 256	-21 497	-19 942
Pensjonsmiddel (marknadsv.) 31.12	1 177	1 107	19 156	18 376
Netto pensjonsplikter	-163	-150	-2 341	-1 567
Ikkje resultatført estimatavvik	515	511	7 738	7 199
Arbeidsgjevaravgift	-23	-21	-112	-221
Balansførte pensjonsmiddel/plikter	329	340	5 285	5 412
Økonomiske forutsetninger:				
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %	2,30 %	2,60 %
Forventa G-regulering	2,00 %	2,50 %	2,00 %	2,50 %
Forventa lønsregulering	2,25 %	2,75 %	2,25 %	2,75 %
Forventa avkastning på fondsmidlar	3,80 %	4,30 %	3,80 %	4,30 %
Regulering løpande pensjon	0,80 %	0,80 %	0,80 %	0,80 %
Forventa turnover	Frå 8% til 0%	Frå 8% til 0%	Frå 8% til 0%	Frå 8% til 0%

Dei aktuarmessige føresetnadene er baserte på vanleg brukte føresetnader innan forsikring for demografiske faktorar.

Note 9 Skatt

(Tal i heile tusen kroner)

Skattekostnad i år består av	Konsern		
	2019	2018	
Betalbar skatt (22% av grunnlag)	1 884	2 062	
Endring i utsett skatt (22%)	1 487	-1 432	
Endring i utsett skattefordel som følgje av endra skattesats	-	-419	
Sum skattekostnad	3 371	211	
Grunnlag for utsett skatt:	Endring	2019	2018
Bygningar, driftsmiddel	1 960	38 287	40 248
Varer	183	-529	-346
Fordringar	-138	-270	-408
Rekneskapsmessige avsetingar	-388	-412	-800
Gevinst- og tapskonto	-8 491	10 308	1 817
Pensjonar	116	4 956	5 072
Sum grunnlag for utsett skatt	-6 758	52 340	45 582
22% utsett skatt	1 487	11 515	10 028

Note 10 Gjeld til kredittinstitusjonar

(Tal i heile tusen kroner)

Gjeld sikra ved pant:	Konsern	
	2019	2018
Langsiktig gjeld	80 283	84 966
Bokført verdi av pantsette eigedelar:		
Maskiner, driftslausøyre	0	0
Varelager	17 119	15 697
Driftstilbehør	790	1 043
Kundefordringar	917	1 192
Sum	18 826	17 932

Gjennomsnittleg rente på langsiktig gjeld 3,5 % 3,6 %
Den langsiktige gjelda forfell i 2025. Forventa avdrag fram til termineringstidspunkt: 23,5 mill kr.

Tinglyste leigerettar i Rosenkrantzgt. 8 i Oslo:

BUL i Oslo: Leigerett t.o.m 2097 til kr 184 392 i årleg leige (indeksregulert) i dotterselskap sitt bygg.

Bøndenes Hus har ein konsernkonto med trekkgrønse på kr 11 000 000. Denne er ikkje nytta per 31.12.
Med unntak av Solhjell AS og Solhjell Baltic er alle selskapa i konsernet solidarisk ansvarlege for denne trekkgrønse.

Note 11 Verksemdområde

(Tal i heile tusen kroner)

Fordeling på verksemdområde:	BUL i Oslo		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Utleige av bygg	848	884	1 046	1 229
Hotellverksemd	0	0	42 849	44 832
Kafeverksemd	0	0	23 090	22 551
Husflitsprodukt	0	0	68 506	68 176
Medlemsverksemd	12 675	9 805	23 865	10 449
Sum	13 523	10 689	159 355	147 237

Note 12 Transaksjonar med nærstående partar

(Tal i heile tusen kroner)

Ytingar til leiarde tilsette er omtalt i note 2 og mellomvere med konsernselskapar er omtalt i note 5.

Laget sine transaksjonar med nærstående parter:	2019	2018
Driftskostnader:		
Dotterselskap	252	247
Finansinntekter:		
Dotterselskap	1 686	1 525

Note 13 Renteswap

(Tal i heile tusen kroner)

For å sikre seg mot svingingar i rentemarknaden og for å diversifisere renterisikoen har konsernet inngått løpande avtale om rentesikringar.

Beløp kr 33 299 700. Startdato 18.03.2015.

Selskapet betaler 2,635% og mottar 3 mnd NIBOR med forfall 12.02.2025. Marknadsverdi kr -1 160 812.

Renteswappen blir vurdert som kontantstraumsikring. Framtidige rentebetalningar vil rekneskapsmessig presenterast som rentekostnad og samanstillast med rentekostanden frå dei underliggande låna.

Verdien av renteswappen per 31.12. er ikkje rekneskapsført.

Note 14 Hendingar etter balansedagen, føresetnader for framhald i drifta

Som følge av koronasituasjonen frå mars 2020 har selskapet delvis halde stengt og permittere tilsette både i BUL og i forretningsverksemda. Ein mindre del av dei faste kostnadane blir dekt gjennom statlege kompensasjonsordningar. Selskapet held streng kostnads- og likviditetskontroll, og reknar med å kome gjennom den vanskelege situasjonen på ein tilfredsstillande måte.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfester styret at føresetnadene for vidare drift er til stades.

Elektronisk signatur

Signert av

Bagle-Tennebø, Øystein

 **bankID**

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

04.06.2020 08.50.13

Fødselsdato

1974-12-29

Signaturmetode

Norwegian BankID

Signert av

Øverby, Heidrun Sølna

 **bankID**

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

04.06.2020 12.01.37

Fødselsdato

1987-07-26

Signaturmetode

Norwegian BankID

Signert av

Grønvik, Gunnvald

 **bankID**

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

04.06.2020 12.25.26

Fødselsdato

1951-10-09

Signaturmetode

Norwegian BankID

Signert av

Svindseth, Terje

 **bankID**

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

04.06.2020 20.15.51

Fødselsdato

1969-02-15

Signaturmetode

Norwegian BankID

Signert av

Øye, Olav Johan

 **bankID**

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

08.06.2020 15.20.17

Fødselsdato

1964-05-13

Signaturmetode

Norwegian BankID

Signert av

Fødselsdato

Berg, Julie Farseth

1994-08-17

Signaturmetode

Norwegian BankID



Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

11.06.2020 11.02.32

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de følgende sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.

Til årsmøtet i
Bondeungdomslaget i Oslo

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2019

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Bondeungdomslaget i Oslo som viser eit overskot i selskapsrekneskapen (lagsrekneskapen) på kr 3 087 392 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 11 086 315, og etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med, eit rettvisebilete av Bondeungdomslaget i Oslo si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg
- gir konsernrekneskapen som følgjer med, eit rettvisebilete av konsernet Bondeungdomslaget i Oslo si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultat og kontantstraumar for konsernet i rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Årsrekneskapen er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er gjort greie for i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet (laget) slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Tel • +47 22 78 28 00 • www.pkf.no

PKF ReVisjon AS • Sandstuveien 70, Pb. 199 Manglerud, 0612 Oslo • Org./revisomr. 983 773 370

Medlem av Den norske Revisorforening

PKF ReVisjon AS er medlem av PKF International Limited, et nettverk av juridisk uavhengige selskaper, og fraskriver seg ethvert ansvar for arbeid eller manglende arbeid utført av et annet individuelt selskapsmedlem eller annet selskap.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvise bilette i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet (laget) og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta skal halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersler som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller brot på interne kontrollrutinar
- opparbeider vi oss ei forståing av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet (laget) sin interne kontroll
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er formålstenlege, og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga, er rimelege
- konkluderer vi på om leiinga sin føresetnad om framhald i drifta ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet (laget) si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksame på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen,

eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet (laget) ikkje held fram med drifta

- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete
- innhentar vi tilstrekkelege og formålstenlege revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for revisjonskonklusjon vår.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslaget til dekning av tapet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjon vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige i høve til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet (laget) sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, 3. juni 2020

PKF REVISJON AS



Øyvind Solberg
registrert revisor